

Skjematisk framstilling av innkomne innspel

Vågsøy kommune (18/7724-5)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
1.1	Det bør røysast diskusjon ved om det skal være ei differensiering av arealgrensa for detaljhandel utanfor sentrum ved dei BAS-sentra med regionsenterfunksjonar, samanlikna med dei ordinære BAS-sentra utan regionsenterfunksjonar, dersom ei slik arealgrense skal oppretthaldast.	<p>Tatt til vitande.</p> <p>Gjennom strategi for tettstadutvikling og senterstruktur er det gitt at regionsentera er ein naturleg lokalisingsstad for handels- og servicetilbod som dekker regionane.</p> <p>Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.</p>

Statens Vegvesen (18/7724-6)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
2.1	Det er sett mange gode mål for planføresegna. Ein del av måla grip inn i kvarandre. Kanskje kunne måla vore færre og meir konkrete, slik at ein i ettertid kan vurdere i kva grad måla med føresegna blir nådd.	<p>Ikkje tatt til følgje.</p> <p>Sjølv om måla heng tett saman, er ikkje fylkesrådmannen einig i at dei grip inn i kvarandre. Det å sette færre mål vil gjere at ein misser viktige omsyn i arbeidet.</p>
2.2	I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det eit punkt som bør inngå under kapitelet Føringar for arbeidet; i tillegg til dei som er nemnt i utkastet; • Kommunene sikrer høy arealutnyttelse rundt kollektivknutepunkt, tilrettelegger for økt bruk av sykkel og gange i dagliglivet, og sikrer sammenhengende gang og sykkelforbindelser av høy kvalitet. Potensialet for fortetting og transformasjon utnyttes før nye utbyggingsområder tas i bruk.	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Innspelet vert innarbeida som eit nytt punkt under «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging».</p>
2.3	Statens vegvesen ber om at ein vurderer å ta inn eit mål om at potensialet for fortetting og transformasjon skal vurderast før nye utbyggingsområde blir tatt i bruk.	<p>Ikkje tatt til følgje.</p> <p>Fylkesrådmannen vurderer at fortetting og transformasjon av eksisterande areal og bygningar er eit middel for å</p>

		oppnå måla som allereie er sett.
2.4	I samband med føreslått møte med Statens vegvesen, vil det som tema for møtet også vere aktuelt å diskutere transport, parkering og sykkelparkering, i tillegg til det som står oppført i tabellen i utkastet til planprogram.	Tatt til følge. Transport, parkering og sykkelparkering blir lagt til som tema for møtet med Statens vegvesen.
2.5	Vi ønskjer å komme med eit par innspel til utgreiingsbehovet: Dagens situasjon i fylket: Under Fokus for utgreiinga bør det også inngå <ul style="list-style-type: none"> o Korleis genererer dagens handel bilbruk? Sentrumsutvikling: Under Fokus for utgreiinga bør det også inngå <ul style="list-style-type: none"> o Kartlegging av ledige lokaler i sentrumsområde og oversikt over aktuelle område for transformasjon og korleis desse kan inngå i sentrumsutviklinga Transport, folkehelse, klima og miljø: Under dette temaet bør det også inngå utgreiing av: <ul style="list-style-type: none"> o Korleis kan parkeringsregulering virke inn på trafikkbiletet? o Korleis kan etablering av kjøpesenter virke inn på trafikkbiletet? 	Delvis tatt til følge. Kulepunkt 1, 3 og 4 er innarbeida på foreslått stad i kunnskapsgrunnlaget. Kulepunkt 2 er for omfattande for eit regionalt kunnskapsgrunnlag, men vi vil i kunnskapsgrunnlaget løfte fram at «kartlegging av ledige lokalar i sentrumsområde og oversikt over aktuelle område for transformasjon og korleis desse kan inngå i sentrumsutviklinga» er ei viktig kommunal oppgåve i arbeidet med sentrumsutvikling.
2.6	Under kapitelet Alternativ som blir vurdert ¹ , er det lista opp mange moglege alternativ. Ein del av desse vil krevje ei grundigare analyse. Det bør gjerast ein gjennomgang av lista for å vurdere om enkelte alternativ kan gå ut.	Tatt til følge. Fylkesrådmannen har tatt ut to alternativ om sentrumsavgrensing frå kapitelet alternativ som blir vurdert. Alternativa som er tatt bort er: <ul style="list-style-type: none"> - Ikkje krav om sentrumsavgrensing. - Krav om sentrumsavgrensing i kommuneplan. Det vil sei at dagens krav i til sentrumsavgrensing vil bli vidareført lik eller tilnærma lik som i dag.

Stryn kommune (18/7724-8)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
3.1	I samband med høyring av gjeldande planføresegn vart det påpeika både frå Stryn kommune og Nordfjordrådet at ein	Tatt til vitande.

¹ I kapitelet alternativ som blir vurdert i planprogrammet.

	ikkje ynskta at det vart sett tak på 11 000 m ² for kjøpesenter i tettstadane Måløy, Eid, Sandane og Stryn.	Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.
3.2	Det vart også påpeika at det ikkje skulle vere skilnadar i retningslinjene for kjøpesenter i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn	Tatt til vitande. Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (18/7724-7)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
4.1	<i>Medverknad</i> Sjølv om planforslaget blir lagt ut til høyring kort tid etter fylkesutvalsmøtet som er planlagt tidleg i mai, er store delar av juni og heile juli ferietid som er lite heldige høyringstidspunkt med tanke på å sikra tilstrekkeleg medverknad.	Ikkje tatt til følge. Fylkesrådmannen sin vurdering er at sidan høyringsperioden blir på over 11 veker, vil det vera mogleg for høyringspartar å både avvikle ferie og medverke.
4.2	Det går fram at bakgrunnen for oppstart av planarbeidet er at fylkespolitikarane ser at planføresegna « <i>kan vere eit hinder for større handelsetableringar i sentrumsområda i andre tettstader enn Førde, Sogndal og Florø</i> ». Det er uheldig dersom den regionale planføresegna for lokalisering av handel og kjøpesenter blir endra for å opna for større handelsetableringar i sentrumsområde der det ikkje er grunnlag for det. Me meiner at det er kunnskapsgrunnlaget og dei faktiske funna, som vil gje svar på om det er grunnlag for å gjera slike endringar. Me legg til grunn at fylkesdelplanen blir revidert i samsvar med måla i planprogrammet og føringane elles der, i tillegg til eksisterande og ny kunnskap og funna i og konsekvensutgreiinga, slik at sentrumsstrukturen i byane og tettstadane i fylket blir teken vare på og vidareutvikla.	Tatt til vitande. Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.
4.3	Alternativa som er lista opp ² er relevante og viktige å vurdere i planarbeidet. Me rår til å vurdere om også ulike parkeringsløyisingar/-avgrensingar bør vurderast i planarbeidet.	Ikkje tatt til følge. Dette temaet fell ikkje under arbeidet med planføresegna,

² I kapitelet alternativ som blir vurdert i planprogrammet.

		<p>jf. mandatet frå fylkestinget. Temaet kan vera aktuelt i arbeidet med ein ev. regional plan for arealbruk i Vestland fylke.</p> <p>Temaet er handsama i strategi for tettstadutvikling og senterstruktur.</p>
4.4	Utover dette viser me til fråsegna vår 01.10.2015 ved varsel om oppstart av gjeldande planføresegn, der me vurderer fleire av innspela som like aktuelle ved denne revisjonen.	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Sjå punkt 4.4.1-4.4.5 for vurdering av dei relevante innspela frå fråsegna datert 01.10.2015 (ESA 15/8600-22).</p>
4.4.1	Vi meiner at det er handelsanalysen som planprogrammet omtalar og legg til grunn at skal utarbeidast, som vil gje svar på om det er grunnlag for å gjere endringane som fylkesutvalet har vedteke. Det er uheldig dersom fylkesdelplan for arealbruk skal endrast fordi nabokommunar vil ha like handelsvilkår som andre i regionen, dersom det ikkje er grunnlag for å ha like vilkår. Det er vidare uheldig at fylkesdelplanen og definisjonar skal tilpassast konkrete kjøpesenterprosjekt i enkeltkommunar, dersom dette er i strid med konklusjonane i ei heilskapleg handelsanalyse og nasjonale føringar om å styrke by- og tettstadsenter. Dette er viktig å unngå unødig spreiiing av by- og tettstadsenter då dette igjen kan føre til auka behov for bilbruk.	<p>Tatt til vitande.</p> <p>Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.</p>
4.4.2	Det er viktig at definisjonane er i samsvar med nasjonalt regelverk og forståing, og at det ikkje vert opna for lokale variantar tilpassa enkeltkommunar.	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Eit av utgreiingsbehova som er satt opp i planprogrammet er å lage eintydige definisjonar av viktige omgrep. Definisjonane vil vera i samsvar med nasjonalt regelverk og forståing.</p>
4.4.3	Målsettingane for revisjonen, m.a. det å styrke sentrumsområda i eksisterande byar og tettstadar, og å unngå spreiiing av byen og å redusere bilavhengigheit er svært viktige mål i ein større samanheng og nødvendig for å nå klimamåla. Vi forventar at dette blir følgt opp i det vidare arbeidet, og at det blir gitt klare føringar i planen som støttar opp om dette.	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Målsettingane skildra i brevet er sett som mål for arbeidet med handelsføresegna.</p>

4.4.4	Utfordringane som er lista opp i punkt 4.2 ³ må vurderast utifrå funna i handelsanalysen som skal gjennomførst og i konsekvensutgreiinga.	Tatt til vitande. Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.
4.4.5	Vi føreset at konklusjonane og tilrådingane i handelsanalysen og konsekvensutgreiinga vert følgde opp ved utforminga av ev. forslag til endringar av planen.	Tatt til vitande. Handelsføresegna vil vere utforma for å ivareta måla som er sett i planprogrammet og den vil vere basert på kunnskapsgrunnlaget og resultatet av konsekvensutgreiinga.
4.5	Me ser at det kan vera behov for å klargjera enkelte definisjonar i gjeldande planføresegn før samanslåinga med Hordaland fylkeskommune, men etter vår vurdering kan dette gjerast ved ein meir avgrensa prosess som ikkje er så ressurskrevjande. Me rår til å venta med revisjonen av planføresegna til etter samanslåinga.	Ikkje tatt til følge. Fylkestinget har vore tydelege på at dei ønskjer revisjon av planføresegna sjølv om handelsføresegna vil bli vedtatt under tre månadar før Sogn og Fjordane slår seg saman med Hordaland. Fylkesrådmannen ser revisjonen som ei moglegheit til å heilt eller delvis harmonisere regelverket mot Hordaland sitt.

Handel og kontor Norge, region vest (18/7724-9)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
5.1	Når det gjelder medvirkning til prosessen mener vi det er viktig at også de ansatte innen for denne næringen blir hørt, vi vil derfor oppfordre til at også arbeidstakerorganisasjonene blir invitert med på evt. innspillsmøter.	Tatt til følge. I kapitelet medverknad er det innarbeida at fylkeskommunen også ønsker å møte med arbeidstakerorganisasjoner som Handel og kontor.

Fylkesrådet for eldre (18/7724-10)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
---	---------	----------------------

³ I planprogrammet for førre planrevisjon av planføresegna. Utfordringane som var lista i pkt. 4.2 samsvarar med utfordringar i dette planprogrammet.

6.1	I eit eldreperspektiv kan lokale høyringsmøter vere viktige for å nå ut med informasjon.	Tatt til følgje. I høyringsperioden vil vi arrangere høyringsmøter om vi ser at det er nødvendig, og eldrerådet vil då bli invitert. I tillegg blir eldreperspektivet sikra ved at informasjon om planarbeidet publisert i lokalavisene og fylkesrådet for eldre blir invitert til å kome med innspel.
6.2	For å nå ut til lag og organisasjonar, kan korte samandrag og enkle problemstillingar til diskusjon, vere ein måte å engasjere på.	Tatt til følgje. Innspelet er innarbeida i kapitelet medverknad.
6.3	Det er nemnt tilrettelegging for kollektivtransport, syklende og gåande, men det er i tillegg viktig med parkeringsplassar.	Tatt til vitande. Innspelet blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget.
6.4	Ved planlegging av lokalisering av handel og kjøpesenter er det viktig med gode gang-/ og sykkelvegar, gode og romslege parkeringstilhøve og god offentleg transport for dei gruppene som treng det.	Tatt til vitande. Innspelet blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget.
6.5	Samtidig er det viktig å ha fokus på belysning og snørydding.	Tatt til vitande. Innspelet blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget.
6.6	Det er ynskje om tilrettelagte sitjeplassar både ute og inne.	Tatt til vitande. Innspelet blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget
6.7	Universell utforming må gå igjen i alt planarbeid. Herunder med moglegheit for opphald og tilgang for alle.	Tatt til vitande. Innspelet blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget.
6.8	Det bør vurderast om det er andre stader i fylket som bør kome med under punktet «senter i BAS regionar».	Ikkje tatt til følgje. Kva stader som er «senter i BAS-regionane» er gitt i strategi for tettstadutvikling og senterstruktur. Fylkesrådmannen tilrår å ikkje opne for at andre stader bør vere rekna som senter i BAS-regionane under eitt år etter vedtak av strategi for tettstadutvikling og senterstruktur.

Førde kommune (18/7724-11)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
7.1	<p>Medverknadsprosess:</p> <p>I Førde kommune er det særskilt viktig at fylkeskommunen har samtalar med Sunnfjord utvikling (SU) og Førde Industri- og Næringsssamskipnad (FINS), der desse også vert utfordra på kva vi alle må gjere for å styrke sentrumsattraktiviteten som etableringsarena for handel og sørvis.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Det er allereie lagt opp til møte med næringsorganisasjonar saman med kommunen i løpet av prosessen. Tema kommunen foreslår ligg allereie i planprogrammet.</p>
7.2	<p>Medverknadsprosess:</p> <p>I tillegg er vi interessert i at fylkeskommunen møter planutval/formannskap i vår kommune, der tema i tillegg til det som kjem fram av tabellen må vere kva overordna rolle innan handel Førde skal ha i Vestland fylke.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Det er allereie lagt opp til fag- og innspelsdag med politikarar og planleggjarar i løpet av prosessen. Tema kommunen foreslår ligg allereie i planprogrammet.</p>
7.3	<p>Utgreiingstema:</p> <p>Fylkeskommunen har ramsa opp ei rekkje definisjonar som det skal arbeidast med, men rådmannen saknar verksemder med bransjegliding. Desse verksemdene har «alt», og er særst utfordrande i høve lokalisering.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Bransjegliding er tatt inn under tema «definisjonar» i utgreiingane.</p>
7.4	<p>Vi har gjennom vedtak av kommuneplan, og kommuneplan som no er under rullering, samt områdeplanar for Indre Øyrane og Brulandsvellingene, lagt opp til å styrke handelen i Førde som motvekt til Moa og Åsane. Rådmannen ser det som viktig at fylkeskommunen får god innsikt i desse planane, slik at dei overordna måla vert teke med som grunnlagsmateriale i utarbeiding av regional planføresegner.</p>	<p>Tatt til følge.</p> <p>Kommunale planar er allereie gitt som kjelde til kunnskapsgrunnlaget.</p>
7.5	<p>Transport, folkehelse, klima og miljø – vil rådmannen vise til at det ligg eit positivt og overordna miljøaspekt i det å ha eit handelstygdepunkt i Førde som kan konkurrere med Moa og Åsane. Dersom færre frå Sogn og Fjordane reiser til Moa og Åsane, og vel Førde som handelsreisemål, vil det vere med å redusere transportbehovet og utslepp av klimagassar. Utover dette er rådmannen nøgd med innhaldet i dette temaet.</p>	<p>Tatt til vitande.</p> <p>Innspelet blir innarbeida i kunnskapsgrunnlaget.</p>
7.6	<p>I arbeidet med regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter, er det i tillegg viktig å ha med tenesteyting. Tenesteyting tek større plass og vert meir synleg i sentrumsmiljøet enn tidlegare.</p>	<p>Ikkje tatt til følge.</p> <p>Dette temaet fell ikkje under arbeidet med planføresegna, jf. mandatet frå fylkestinget.</p>

		Temaet kan vera aktuelt i arbeidet med ein ev. regional plan for arealbruk i Vestland fylke.
7.7	Vi ser det også som viktig å styre lokalisering av opplevingsbasert aktivitet. Dette er ein veksande aktivitet/trend som er å finne på områder der handelsnæringa ser det som eit positivt supplement til sin primære aktivitet - handel. Slike aktivitetar bør bli lokalisert i sentrum, men kan vere utfordrande i høve bygningsvolum osv. Vi ber fylkeskommunen vurdere også dette temaet.	Ikkje tatt til følgje. Dette temaet fell ikkje under arbeidet med planføresegna, jf. mandatet frå fylkestinget. Temaet kan vera aktuelt i arbeidet med ein ev. regional plan for arealbruk i Vestland fylke.
7.8	Førde kommune ser det som ei stor utfordring å følgje opp krav til høg utnytting der storhandel vert lagt på dyrka mark. Kva må til for å sikre dette betre?	Ikkje tatt til følgje. Dette temaet fell ikkje under arbeidet med planføresegna. Det er viktig at dette omsynet vert ivareteke i kommunale arealplanar.
7.9	Rådmannen ber om at definisjonen av fylkessenter må kome klarare fram i planprogrammet. Det må kome klarare fram at Førde skal ha ei særleg rolle som handelstungdepunkt. Den største byen mellom Bergen og Ålesund. Det bør vere eit felles mål for fylket Sogn og Fjordane å demme opp for flyttestraumane ved å satse på auka attraktivitet og urbanitet i fylkessenteret. I den regionale planføresegna bør det kome klarare fram ei differensiering mellom mindre sentrum i fylket og byar/ fylkessenter.	Ikkje tatt til følgje. I planprogrammet under omtalen av strategi for tettstadutvikling og senterstruktur kjem det klart fram at Førde er fylkessenter og kva eit fylkessenter er.

Hordaland fylkeskommune, administrativ tilråding (18/7724-14)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
8.1	Fylkesutvalet rår til at revisjon av regional planføresegn for lokalisering av handel og kjøpesenter i Sogn og Fjordane vert gjennomført i eit felles planarbeid i det nye fylket.	Ikkje tatt til følgje. Fylkestinget har vore tydelege på at de ønskjer revisjon av planføresegna sjølv om handelsføresegna vil bli vedtatt under tre månadar før Sogn og Fjordane slår seg saman med Hordaland. Fylkesrådmannen ser revisjonen som ei eventuell moglegheit til å heilt eller delvis harmonisere regelverket mot Hordaland sitt.
8.2	Fylkesutvalet rår til at utgreiingsarbeidet avventar oppstart av revisjon for utarbeiding av ein felles plan. Det er tenleg	Ikkje tatt til følgje.

	med utgreiingar for heile Vestland fylke, med felles bruk av omgrep og definisjonar.	Fylkestinget har vore tydelege på at de ønskjer revisjon av planføresegna sjølv om handelsføresegna vil bli vedtatt under tre månadar før Sogn og Fjordane slår seg saman med Hordaland. Utgreiingane blir gjort for Sogn og Fjordane, men med omgrepa og definisjonane som Hordaland har nytta i sitt arbeid. Delar av utgreiingane vil derfor vere overførbare til eit felles planarbeid.
8.3	Dersom Sogn og Fjordane likevel vel å gå vidare med revisjonsarbeidet ber Fylkesutvalet om at det vert lagt vekt på å unngå motstrid i høve til regional føresegn for handel i Hordaland.	Tatt til følgje. Fylkesrådmannen ser revisjonen som ei eventuell moglegheit til å heilt eller delvis å harmonisere regelverket mot Hordaland sitt.

Sogndal kommune (18/7724-13)

#	Innspel	Føreslått oppfølging
9.1	I punkt 3.2 i gjeldande planføresegn vert det lista opp definisjonar. Under «handelsparkkonseptet» står det i tillegg til å definere konseptet også at konseptet «kan plasserast i nærleik til viktige transportårer». Avsnittet er uklårt og det kan verte oppfatta både som ein definisjon og som ei tilråding om lokalisering. I punkt 3.3 står det at i Sogndal kan det etablerast «større kjøpesenter». Kor stort er eit «større kjøpesenter»? Punkt 4 siste avsnitt avskjer moglegheita til å omdisponere. Kva legg de i å omdisponere? Er det då snakk om endring i av føremål ved rullering av kommuneplan, eller i forbindelse med reguleringsplan eller dispensasjon?	Føreslått oppfølging Tatt til vitende. Desse innspela er knytt til gjeldande planføresegn og støttar opp om at handelsføresegna må verte tydeligare enn gjeldande føresegn.
9.2	Så vidt vi har oppfatta er det ikkje knytt planomtale/forarbeid til gjeldande planføresegn, utanom Handelsanalyse for Sogn og Fjordane. Ved tolkingstvil er planomtale/forarbeid gode å sjå til, og det vil vere ein fordel om dette ligg ved ny planføresegn.	Tatt til følgje. Fylkesrådmannen er einig i vurderingane til Sogndal kommune. I planprogrammet er det derfor skissert eit meir omfattande kunnskapsgrunnlag enn det

		<p>som blei laga i førre runde.</p> <p>Fylkesrådmannen ønsker at det påpeike at det i tillegg til handelsanalyse for Sogn og Fjordane blei utarbeida ei konsekvensutgreiing til gjeldande planføresegn.</p>
9.3	<p>I mangel på forarbeid har vi sett til Regional strategi for senterstruktur og tettstadutvikling i Sogn og Fjordane. Desse to dokumenta bør ha ein kopling til kvarandre, då dei begge handlar om senterstruktur og styrking av sentrum og tettstad. Dersom de finn det føremålstenleg å styrke koplinga mellom dei, bør mellom anna omgrepet «BAS-senter» koordinerast med t.d. omgrepet «regionsenter».</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Fylkesrådmannen er einig i vurderingane til Sogndal kommune. I planprogrammet ligg strategi for tettstadutvikling og senterstruktur som ei føring for planarbeidet.</p>
9.4	<p>Det hadde vore bra å få ein mal for innhald i handelsanalyse.</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Fylkesrådmannen er einig i at det hadde vore bra med ein felles mal for innhald i handelsanalyse. Derfor er eitt av alternativa som blir vurdert eit strengare krav til lokal handelsanalyse (og innhald i analysen).</p>
9.5	<p>Korleis definere handelsomlandet, og veit vi noko om handlevanar i høve transportmønster i regionane? Korleis balansere handel i høve tettstadane utanfor regionsenteret, ref. mål i tettstadstrategien, eksempel Sogndal – Gaupne - Leikanger?</p>	<p>Tatt til følgje.</p> <p>Dei to spørsmåla er dekkja under utgreiingsbehov.</p>
9.6	<p>NACE-koder/Næringsgruppering 2007 (SN 2007) er ofte nytta i handelsanalyser, dette gjeld og Handelsanalyse for Sogn og Fjordane. Dersom de framleis skal operere med dei tradisjonelle skilja mellom plasskrevjande varer og detaljvarer i ny planføresegn hadde det vore nyttig å «oversette» funn i handelsanalysen til dei inndelingane når det gjeld behov for nytt handelsareal i kommunane. Det hadde og vore nyttig om de diskuterer bruk av næringsgruppering for styring av varetype i planføresegn. Til dømes har vi gjort dette i Områdeplan for Stedjevegen sør, sjå vedlegg.</p>	<p>Tatt til vitande.</p> <p>Fylkesrådmannen tek med seg innspelet vidare i planarbeidet.</p>